




Bruk av Optima pH4 til storfe

Fødselshjelp: Vask området rundt vulva med **Optima pH4 hudvask for dyr/spenevask**. Bruk rikeleg med **Optima pH4 gel** på hansken når du utøver fødselshjelp; og legg igjen ein del gel i børen etterpå.

Mindre overflatesår på jur og spenar: Vask først jur og spenar med **Optima pH4 hudvask for dyr/spenevask**. Påfør deretter **Optima pH4 gel** i rikelege mengder i og rundt såret. Bruk gelen 1-2 g pr dag.

Andre overflatesår(hasesår, sår mellom jur og lår etc) behandlar du på same måte.

Spenepleie kyr: Bruk av **Optima pH4 spenevask og spenespray** er kostnadseffektive tiltak for å ha god stabilitet når det gjeld celletal og jurhelse. Brukt i heile mjølkeperioden kostar det kun 3-4 øre pr liter mjølk.

Mage/tarmplager: Ved slike plager hos enkeltdyr er **Optima pH4 mage(mageregulator)** brukt med godt resultat på denne måten: Kalv(0-3 veker): Bruk ca 1dl(1kopp) 1-2 g pr dag. Bland det evt ut i litt vatn eller mjølk.

Ved flokkproblem: 0,25 liter **Optima pH3,6 organiske syrer** og 0,2 liter **Optima pH4 mage(mageregulator)** til 10 liter mjølk. Denne blandinga er mikrobiologisk stabil og kan brukast både i fôringsautomat og til manuell fôring. Mageregulatoren har god smak og stimulerer opptaket. Denne kan også brukast i drikkevatnet i utblanding 1:10.

Reinhald med Optima: Godt reinhald er særleg viktig i kalvebingane. Men rydd ikkje ut dei gode bakteriane i lag med dei skadelege! Og tenk gjerne på miljøet! Med **Optima pH4 universalvask** og **Optima pH3,6 organiske syrer** gjer du reint på ein miljøvenleg måte, og du øydelegg ikkje dei gode bakteriane. Ekstra smittereduksjon kan du få ved bruk av organiske syrer på golv og innreiding i kalvebingane. Dette kan gjerast med dyr i bingen.

Smittereduksjon i store buskarar: I store buskarar med lausdrift er smittepresset stort. Det går mest ut over kalvehelsa. I ein del slike buskarar er det oppnådd gode resultat ved tiltak etter punkta mage/tarmplager og reinhald.

Legg til rette for den gode bakteriefloraen i heile miljøet og unngå mange problem!



Spenepleie og sårheling av overflatesår

Norheimsund okt 19

Tidlegare utprøving i humansektoren viste at **Optima pH4 hudbalsam** har effekt på sårheling av overflatesår («overraskende/ forbløffende gode resultater» ref. Stord sykehus). **Optima pH4 gel** er tilsvarande dyreprodukt og **Optima pH4 spenespray** er såpass likt at erfaringane utan vidare kan overførast til dette produktet.

Grunnane til det gode resultatet er låg pH kombinert med ei unik blanding av organiske syrer som hemmar skadelege bakteriar og sopp. Samtidig som ein tek vare på den nyttige normalfloraen. Dessutan inneheld Optima alginat som er sårhelende.

No har nettsida Wounds (som er eit oppslagsverk for sårbehandling) kome med fylgjande anbefalingar når det gjeld sårskyling:

«Optima serien har fått mye oppmerksomhet i Norge (og i Danmark) de siste årene. Produktene har en pH rundt 4 og inneholder eddik og andre organiske syrer. Den lave pH-en hemmer effektivt bakterievekst og kan brukes i alle kroniske sår hvor en mistenker økt forekomst av bakterier. Både Optima Hudvask pluss og Optima pH Hudbalsam kan brukes som skyllemiddel i kroniske sår.»

Dette er erfaringar som dyresektoren bør merka seg. Overflatesår på jur og spenar er viktige innfallsportar for jurinfeksjonar. Tiltak på dette området er derfor viktige for jurhelsearbeidet.

Alt i 1998 viste denne spenespraya effekt mot mastitt. Og sidan den tid er produktet forbetra vesentleg i fleire omgangar.

Konklusjon frå produktevalueringa i 1998, Tinetrykk 2/2000, utført av Olav Østerås er slik:

«Klinisk mastitt er en multifaktorell sjukdom. Det er svært vanskelig å påvise signifikante resultater av enkelttiltak mot slike sjukdommer. Konklusjonen fra denne produktevalueringen av Optima pH spenespray, er at bruk av Optima pH spenespray er assosiert med betydelig reduksjon i antall kroniske/subkliniske mastitter og en mindre eller nesten "signifikant" reduksjon for alle typer mastittbehandlinger i forhold til kontrollgruppa»

Som vist ovanfor var det gode grunnar til å bruka **Optima pH4 spenespray** alt før år 2000. No er det endå større grunn til å bruka dette produktet og andre Optimaprodukt. Ved synlege overflatesår på jur og spenar, hasesår etc bruk **Optima pH4 Gel**. Til vask og sårskyljing bruk **Optima pH4 Spenevask**. Saman med **Optima pH4 Spenespray** har du dei beste produkta for ei god jurhelse. Optima bidreg til å ta vare på ein sunn og god bakterieflora som gjev sjukdomsframkallande bakteriar konkurranse. Det er viktig for ei god jurhelse i framtida.